

Christian Quart – *hetoo!*

Ein takk til Oddbjørn Magne Melle om Churchill-kultusen, og til Gro Steinsland om Heilag Olav som krigar og helgen – to nyttige innlegg i Klassekampen 20. juli. I den samanheng, også ein takk til Mariell Johansen, i Aftenposten 11. juli, for ei betimeleg påminning om alle dei som brutalt og nådeløst vart brende på bålet, under hekseprosessane som toppa seg på 1600-talet, under Christian Quart, som med trolldomsforordninga av 1617 aktivt fremja ein høgkonjunktur for heksejakt og heksebrenning i det dansk-norske riket.

Så no, når vi er så godt i gang, med kritisk blikk på fordums heltar – likt og ulikt, rett nok, med Churchill på Solli plass, Holberg på Fisketorget, og bydelsnamnet Møhlenpris, oppkalla etter Thor Møhlen som var delaktig i slavehandel: kva no med Christian Quart, han som nidkjært jakta på «hekser» og «trollfolk» - særleg verjelause kvinner – for å dømme dei til ein smertefull død på bålet? Bør han få stå der, på Torget i Oslo, som ein helt og vel-gjerar?

Nei, la oss vere konsekvente, la oss vise handlekraft: *hetoo* – han også! Ein nidkjær heksejegar og heksebrennar! Få han ned, kast han på fjorden! Og stryk namnet hans av kartet, liksom namnet på bydelen Møhlenpris! Kom opp med nye namn, som ikkje er moralsk belastande: Vekk med Kristiansand. Sand er nok! (Sand og Lillesand – liksom Hamar og Lillehammer.) Ikkje Kristiansund. Sund er nok (no når namnet er ledig, etter at Sund kommune er innlemma i Øygarden).

Kort sagt, i vår jakt på fordums umoral står heksejegar og heksebrennar Christian Quart lagleg til for hogg. Han også! *Hetoo!*

.....

Spøk og ironi til side – dette galdt konkrete personar, rått og brutalt, som i denne saka:

I året 1625 pågjekk det i Elverum ein hekseprosess, som vi kan lese om i *Årbok for Glåmdalen* 1945, s. 102-116; «Da trollkjerringane drog til Gitvola», ved lektor Frik Hougen, med grunnlag i mskr. 61 m, Hammerske Samling, Vitskapselskapet i Trondheim.

Den som stod tiltala for trolldom og hekseri, er Ingeborg Knutsdotter, kone på garden Øxsett, gift med Lasse Gudmundsson Øxsett og svigerdotter til lensmann Gudmund Øxsett, som i 1591 var med som utsending for å hylle Christian Quart på Akershus.

I Gårder tingstue i Elverum, «dend 12te Januarij» 1625, fell dommen: «thi haver vi herom Saa for Rette Dømt og Afsagt: at Effterdj bemelte Ingeborig Knuds Daatter for forskrevne hendes Grofve og u-Christelige Gierningers tillæggelse og Beskyldninger Brøster Loug, Til med hun og er blefven Tvehermet befunden, Skal hun derfor Straffes paa hendes Lif med ild og Baal, og hendes Gods Løst og fast at være forbrudt til hans Kongl. Mayt.»

Hans Konglege Majestet er Christian Quart, regent 1588-1648.

Den dømde, Ingeborg Knutsdotter Øxsett - brend på bålet i det herrens år 1625 - er ei av mine formødrer.

Vennleg helsing

Gunnar Skirbekk

